

# Ein paradoksal figur

– Medan eg løyser ein billett på trikken prøver eg å tenkje på at eg gjer det i Mjølkevegen. Om eg kjøper kjøt, tenkjer eg på at eg gjer det i ei verd som svelt, og når eg pustar tenkjer eg at det er stadig mindre oksygen eg pustar inn. **Jan Sæther intervjuar av Elisabeth Hagen**

Ein kan godt seie at livet har sett sine spor hos Jan Sæther, nyt-nemnd professor i figurativt måleri ved Statens kunstakademi. Reisa har vore lang frå han sjølv starta studia sine ved akademiet i 1965. Sjølv om det låg i korta at tilsetjingsprosessen til det nyoppretta professoratet ikkje kom til å gå roleg for seg, var han ikkje førebudd på brottsjøane som har skylja over landskapet.

– Problemet med at staten har gripe inn er høgst urovekkjande, seier han om departementets inngripen i akademistriden.

– Det er ein keisam situasjon at den frie kunsten skal oppleve slik overstyring. Eit anna problem er den populistiske framstillinga saka har fått i pressa.

Jan Sæther er redd at folk sit att med ei formeining om at det heile er ein strid mellom figurativ og modernistisk kunst.

– Men det som går føre seg på akademiet er avskyggingar i alle fasettar, frå konseptkunst til tradisjonell, figurativ kunst. Akademiet har såleis ikkje hatt noko i mot å utvide til det figurative. Men styret vil ikkje ha eit professorat som er smalare enn dei andre.

Han for til USA saman med si amerikanske kone og to barn då 1973 nærma seg slutten. Målaren, som er blitt skulda for å ha starta romantikar-rørsla i nyare norsk biletkunst, som har dementert det og sagt at den utviklinga var det ei heil gruppe kunstnarar i miljøet som stod for, hadde ikkje planar om å slå seg ned i heimlandet til kona i fyrste omgang. Men kona

hans blei sjuk, diagnosen var lymfekreft, og Stanford, California hadde utvikla, den gongen, det einaste kjemiterapeutiske programmet mot sjukdommen. Kona hans blei frisk att, men det kom ikkje på tale å fare tilbake til Noreg. Jan Sæther starta opp fleire målarskular i California, men det var først i 1986 at han meinte at han hadde kome fram til eit pedagogisk prinsipp og tankar om biletspråk som gav han høve til å starte for seg sjølv. Skulen i Los Angeles dreiv han fram til 1994. Då var det på tide å kome heim, meinte han. Og tenkte det skulle bli godt. Han skulle konsentrere seg om å måle, men det gjekk ikkje lange tida innan han igjen var i pedagogens rolle som leiavmodellinstitutttet ved akademiet. Røynsle har fortalt han at dette er ein stad han kan jobbe. Så han søkte det den nyoppretta stillinga som professor i figurativt måleri.

– Stønaden eg har fått frå studentar og lærarar har sjølv sagt vore god å ha. Styret støtta meg fordi dei kjente til kva eg stod for. Eg hadde allereie vore der eit år, så dei visste kva eg stod for.

– *No er også opptaksproblema løyst. Har du hatt ein finger med i spelet der?*

– Det ville vore svært urimeleg for dei som har søkt, om det skulle bli ei ny opptaksprøve. Det ville blitt skakt uansett. Dessutan har det heile tida vore mi haldning å samarbeide med det akademiet som finst. Og eg vil ikkje vere med på ei slik overkjøring frå departementet. Men det verkar utvilsamt

litt underleg at når ein har fått ein line for det nyfigurative, jobbar ingen av dei som har kome inn nyfigurativt i samsvar med det stillingsomtalen seier. Mi stemme i opptaksjuryen vil sjølv sagt kome til å endre det ved dei kommande opptaka.

Det finst ingen presedens ved akademiet for at professoren skal vere med å bedømme søkarane når professoren er tilsett etter opptaket, men det har heller ikkje vore oppretta så smale liner før, som den Jan Sæther skal leie dei kommande seks åra. Med seg til akademiet har han eit pedagogisk prosjekt.

– *From my life experience, dett det ut av han. Og viser noko av preget han har med seg etter 20 år i California. Det sobre riksmålet han nyttar der han sit over ein kopp te bak Domkirken i Oslo, får ein til å tenkje på ein person som er fødd minst ein generasjon tidlegare enn Jan Isak Sæther. Han kom til verda på Oslos vestkant i krigsåret 1944. Med mjuk røyst formidlar han seg, på riksmål og amerikansk.*

– Eg har så store delar, kanskje den viktigaste delen av livsrøynsla mi frå USA. Tankane og verdsbilete eg har, har eg eigna til meg på det amerikanske sproget. Alt det spontane kjem på engelsk, og eg drøymmer framleis på engelsk, seier mannen som og har hevda at så lenge vi drøymmer figurativt treng vi figurative måleri.

– Ein blir prega av språket i landet ein bur i. Språk øver ei viss hypnose.

– *Hypnose?*

– Til dømes tenkjeform, eller det litterære tilbodet, er med på å forme haldningar. Kulturen er språket og handsaminga av det. Ein kan dyssast i svevn eller bli vekkja av språket. Eit kvart språk har si evne til å uttrykkje ting. Kinesisk er til dømes eit biletspråk, noko som gir det fleire nyansar enn vårt. Som barn kan vi lære alle lydar på alle språk, men vi mister vår plastisitet. Slik som det stod i avisa her om dagen, at vi blir dumme av å gå på universitetet. Det er jo delvis sant, fordi vi blir ein del av ein måte å sjå verda på.

– *Kor er kunstens rolle i dette?*

– Rolla til kunsten rolle er å bryte ned førestellingar. Kunst består av nytenking og vedlikehald. Å oppretthalde høge standardar. Kulturen sine representantar finn seg sjølv i eit paradoksal felt. Dei må stille seg overfor dei paradoksa tida og sivilisasjonen utkrystalliserer.

I ei tid med eit stadig meir fragmentert verdsbilete meiner Jan Sæther at vi må velje meir og meir, men og syntesisere meir og meir. Han er opptatt av korleis vi stiller oss til den verda vi lever i, og ynskjer å sjå ting heilskapleg.

– Medan eg løyser ein billett på trikken prøver eg å tenkje på at eg gjer det i Mjølkevegen. Om eg kjøper kjøt, tenkjer eg på at eg gjer det i ei verd som svelte, og når eg pustar tenkjer eg at det er stadig mindre oksygen eg pustar inn, seier han så vakkert at ein undrar seg på om han planlegg å skrive

bok. Men det gjer han ikkje. Det er dialogen han vil ha. Meiner at det er i den ting oppstår. I ei tid kor ting blir brote ned.


– Vi lever i ein fleirkulturell sivilisasjon, men vi må vakte oss for å bli unyanserte. Vi må ha ei stram tenkeevne midt oppi dette, ikkje berre godta. Vi lever i ein fleirkulturell situasjon som har si årsak i at det sosiale systemet vi har er under nedbryting. Det er ikkje berre innvandringspolitikk og lukka grenser, det er ei folkevandring, slik vi kjenner ho frå tidlegare tider, ei ustoppelig bølge, ein prosess som kjem til å auke. Dette aukar òg paradoksa.

– *Korleis meiner du dette kan eller bør påverke oss?*

– Ein kultur kvier seg alltid til slikt. Renessansen var òg ei slik tid, ein ny kultur som voks fram etter mellomalderen og spreidde vingane sine utover antikken og kristendommen. Så fekk ein ei fornya verd som var ei utviding mot å ta i mot det paradoksale. Alle kunstspråk er ei utviding av språket og er med på å opne oss og ta inn paradokset. I bilete kan ein ta inn det paradoksale. Det blir ei form for heilskap i det. Skriftspråket er prega av grammatikk og logikk, noko som gjer det vanskeleg å halde på spenninga som ligg i paradokset.

Jan Sæther ser sjølv sagt at det ligg eit potensiale til å nytte bilete og skape paradoks i skriftspråket òg. I lyrikk og poesi. Visualisering pregar ikkje berre biletspråket hans. Han er opptatt av det å sjå. Av korleis vi har eit vaneblikk og





*Polaroid.*



korleis synet kan utvidast, og at for å kunne tenkje abstrakt må vi kunne tenkje i bileter, figurar.

– *Kva er kunst, og treng eit samfunn kunstnarar?*

– Kunst skapar førestellingar ut av ingenting.

– *Ingenting?*

– Omgrepet kunst omfattar meir enn det som vanlegvis blir oppfatta som kunstnerisk verksemd. Ein kan ikkje spørje om kunst er naudsynt, eit samfunn er avhengig av det. Også sosioøkonomisk. Ei undersøking i England på 60-talet synt at 69-70 prosent av folket var direkte sysselsett som følgje av kunstnerisk verksemd. Om ein tenkjer gjennom det, finn ein at bygningsindustrien treng arkitektar, ein komponist skapar arbeidsplassar til orkester og plate-selskap, ja til ein heil industri. Det er klart det er fornuftig å satse meir på kulturliv. Det er helbred i den aktiviteten.

Sæther meiner det er underleg korleis utdanningane til dei forskjellige kunstformene er prioritert.

– Om akademiet hadde vore ein musikkskule ville utstyret vore å likne med eit piano utan strengar eller ein fiolin som er spela i stykkjer. Det er dårleg med verk-tøy og det skrik etter romplass.

Professor Sæther meiner det er typisk for ein sivilisasjon som anar at han nærmar seg slutten av ein epoke å møte ei utfordring slik vi gjer no. Glasveggene makta og byråkratiet omgir seg med veks, det politiske livet set seg fast i steile haldningar og prøver å løyse alle

problem med lovgjeving. Han lenner seg ikkje sjølvnøgd attende i stolen. Han sit der roleg med hendene framfor seg på bordet når han svarar på spørsmål om kunsten er flinkare til å skjære gjennom problemstillingane enn politikken er.

– Kunsten er opptatt av prosessar. Å gjere tydeleg kva prosessar er for sivilisasjonen. Medan politikken og resten av samfunnet er oppteken av lovgjeving og moral. Det moralske imperativ. Moseloven og den moralske styringa av samfunnsutviklinga. Men ein må balansere med innsikt i prosessar. Modernismen har tydeleggjort at kunst dreier seg om prosess. At det er like vanskeleg å forstå Rembrandt som Duchamp. Om ein verkeleg skal forstå. Eigentleg ligg det noko sjokkerande i dei gamle bileta som handlar om prosessar.

Prosessar er viktig fordi innsikta i korleis ting kjem fram gir oss høve til å bedømme ein situasjon. Det er noko av dette Jan Sæther vil ha med seg til studentane sine ved akademiet. I det han nemner som sitt pedagogiske prosjekt.

Han meiner at i neste hundreåret blir det kulturens problemstilling å finne løysingar på dei problema vi møter i dag. Ikkje som ei moralsk handling, men som ei skapande handling.

– Figurative bilete, figurar, oppstår i vårt indre, som dei første spora på løysingar av problemstillingar vi har levd med. Det har dei vore gjennom heile historia, heile røynsla til menneskja. Det er eit kjend fenomen blant vitskaps-

menn. Svaret kjem ofte som eit bilete eller ein draum. Når det harde presset slepper. Kunnskap er berande i dette. Ein mekanisme inn i det skapande er disiplin og oppløysing. Du må være disiplinær i din omgang med kunnskap, og kunne gi slepp for at dei manglande bitane skal slepp til. Løysinga kjem når noko lausnar.

– Det interessante med eit figurativt prosjekt på akademiet er ikkje å ivareta dei gamle ideala. Eg trur ikkje at det tener framtida eller kulturen å gripe tilbake, eine og åleine. Tvert i mot må vi forhalde oss til desse gamle bileta i sin utvida kreative kontekst til å rehabilitere biletanninga som eit evig vilkår til fornying. Ein abstraherer ut frå noko som ligg føre for å få nye mytar, nye forteljingar, som informerer oss om kva vi er i dag. Så må vi byrje med å vie den prosessen som skapar bileta i oss større merksemd. Nyfigurasjon tyder då å leite fram i oss sjølv bilete som ber oss inn i vår umiddelbare framtid med vitet intakt.

– *Kva tyder dette om ein set det i samanheng med ditt pedagogiske prosjekt?*

– I ein pedagogisk samanheng tyder dette at elevane må stimulere i retning av si indre psyke, slik at dei kan gi dei bileta som skjer der den største moglege merksemd. Tradisjonane svarar her til det vi allereie har sagt om disiplinen, og det er ikkje i seg sjølv løysinga. Men det gir eit røynsleg grunnlag som gjer at dei indre bileta møter ein informert vilje som ikkje er avgrensa til å gje dei indre

bileta form. Etter så mange år med ein individualisme som har prega vestens kultur, kor det har vore rom for mange verdsbilete, så står vi no framfor eit behov for verdsbilete og bilete som kan samle oss. Og gjenopprette, eller gjenforene, det individualistiske med det kollektive. Eg og dei andre.

Spennet i ei samtale med Jan Sæther er ikkje lett å fange i få ord. Det strekkjer seg frå enkeltmennesket til kosmos. Han seier at kunst alltid har vore eit metafysisk prosjekt, men no har det prosjektet blitt samtidig med at skiljet mellom metafysikk og fysikk er borte.

– Dei siste spørsmåla, dei vi utsetter, dei melder seg uansett. Eg trur at alle si frykt er i ferd med å bli avslørt. All valden er dei siste krampetrekningar på ei utsetting som ber i seg dei sterkt overtydande symptoma. Alle spør: Kva er årsaka til valden? Det er framtida, det er det framtidsbiletet vi har no. Tenk på kor uuthaldeleg det er for deg sjølv. Tenk så på dei som sprekkjer. Dei kan sprekkje mot Gud eller dei kan sprekkje mot valden.

Han vil ikkje vere dommedagsprofet. Men han meiner å sjå symptoma til ein kulturepoke som går mot slutten. Om ein trekk ei line frå det fleirkulturelle samfunnet til russaren Bakhtins bilete av karnevalet som det som skjer når ein sivilisasjon er i omvelting, mellom gammalt og nytt, kor autoritære hierarki blir snudd opp ned. Eit slags eksperiment med nye uttrykk kor alle nye kostyme skal

prøvast, kor ord og handling får ny tyding, meiner han at vi ser dei siste krampetrekningane. Eller heller noko som kan minne om korleis Den tibetanske dødeboken teiknar dødsaugneblinken. I den augneblinken kor alt sleppast laus, alle minna fer gjennom ein, all røynsle, dei molekylære bindingane slepp, og avfallet kroppen held på. Alt slepp. Slik det i dag gjer i det vestlege samfunnet. Men følgjer ein tankerekke til Sæther, kjem ein attende til det å, via disiplin, fylle seg opp med nok kunnskap til å kunne oppløyse kunna og skapa noko nytt. Slik at kanskje tyder det at pasienten ikkje er i ferd med å dø, vi skal i alle fall ikkje ta det for gitt.

– Fordi da slepp ein nihilisme laus, som blir så grueleg i si forlenging at vi ikkje kjem til å halde det ut, seier han.

Ein mann med eit mot for kunsten og filosofien, ei von om at kunsten kan imøtegå den infrastrukturen som skapar så mykje frykt. Som meiner at vi trenger figurative bilete for å ha ei motvekt til den overfloda av inntrykk vi har frå massemedia no, slik at vi kan tenke kritisk.

– Ho som lærer seg å sjå byrjar fort å gjennomskode tomskapen i dette. Det biletet som har eit subjektivt utgangspunkt, subjektets individuelle vinkling i seg, er eit sterkt uttrykk for røynda. Sterkare, fordi det har passert, er filtrert av prosessen.